# Aarsmelding 1918.

I Solbergs.ul. vart av Karl Prestlun fyreorda eit emne: „Korleis ein paa bedste maate skal utnytta fritidi si".

Han kom daa millom anna inn paa idrotsarbeide. Der vart snakt att og fram um dette, og det viste seg aa vera stor samhug for idrotsaki. Der vart so vald ei nemd, som skulde fyrebu skipingi av eit idrottslag. Desse vart valde: Karl Prestlun Konrad Solberg Anton Laastad og Jo. Borge.

Fjortan dagar seinare den 15 febr. 1918, vart Turn og idrottslaget Skarphedin" skipa i Ljoshalle. Forslag til lovar som nemdi hadde utarbeidt vart med smaa brigde vedtekne.

So skulde laget faa seg namn. Der kom mange forslag og vart eit heilt ordskifte som enda med at laget skulde heita „Turn og idrottslaget Skarphedin" um det ikkje elles kom noko til hinders for namnet. Deretter vart desse valde til styresmenn: Jo. Borge for-

LUNDE & CO BERGEN

Karl Prestlien varaform. Johs Solberg kasserar,
i Styre vart Olai Aaddum og Rasmus Lone.
varamenn Ivar S. Lone og Sjur Herfindt. Sam-
stundes vart vedteke at laget skulde meldast
inn i „Centralforeningen for utbredelse av
idrætt" Lovarne som vart vedtekne livar so:

§1 Navn
Navnet aat laget er „Skarphedin".

§2 Fyremaal.
a. Laget sit fyremaal er aa arbeida for
sunn og helsesam idrott sumar og vinter
b. Aa fremja kammeratsleg samver.

§3 Lagslemer.
Lagslem kann kvar heiderleg ungdom
vera som hev fyllt 16 aar. Kvar lags-
lem pliktar aa fylgja laget sine lovar.

§4 Styret.
Styret er samansett av formann, vara-
formann og kassastyrar, tvo styreslemer
og tvo varamenn. Formann, varaform. og
kassastyraren vert valde kvar for seg.

b. Styret hev rett aa melda ut dei som
dei finn er laget til skam eller skade.
c. Kvart lagslem pliktar aa lyda innstruk-
tören under övingarne.

§5 Aarsmöte
Nytt Styre vert vald paa aarsmöte, som
vert halde i januar. b. Styret maa kunngjera
aarsmöte 14 dagar fyreaat. c. Kassastyraren
framlegg rekneskapet, som maa vera
godkjent av styret. d. Styre gjev aarsmelding

§6 Rusdrikk maa ikkje njotast under under
övingarne eller paa stemnor, heller ikkje
i noko anna höve maa lagslemmerne
syna seg berusa.

§7 Laget maa innmeldast i „Centralforen.
for idrot" med aarspengar minst kr 5

§8 Skal lovarne brigdast maa minst 2/3
av lagslemarne vera for det.

Möte slutta med gleda yver att eit
godt upptak for idrottsaki var gjort.
Der vart teikna 27 lagslemar med det same.

I 1918 hev det vore 16 övingar, derav 10 i „Ljoshall"
dei andre 6 paa Brubakkarne. Paa övingarne
i „Ljoshall" hev vore övin i linjegymnastikk,
laup, högdebyks og leik. Övingarne ute hev
teke til med linjegymnastik deretter ymse
idrot, som laup, hopp, kast og leik, og tilslutt
linjegymnastik. Det synte seg snart at skulde
idrotten drivast med noko framgong mott
laget faa seg ein plass. Der hev vore tala
~~[illegible]~~ og sett paa mange plassar, men Bru=
bakkarne viste seg aa vera tenlegaste til
idrottsplass, baade fordi den ligg centralt til
og billeg aa upparbeida. Der er og god laugar-
stad ved plassen.

Den 21-4-18 tok so Karl Breitstum Olai Frostun
og J.O. Borge til aa tinga med eigaren Johs S.
Reoheim d.d. um plassen. Etter mykje prat
vart dei einige um sovorne vilkor,
som vart underskrivne:

Turn og idrotslaget „Skarphedin" leigar
av Johs S. Reoheim d.d. eit markastykje

ved Skjeraai 135 m langt 75 m breidt paa
sovorne vilkor: 1. Laget skal hava rett
aa bruka planen i 22 aar, uppseggjingstidi
er tvo aar. 2. Laget skal hava rett aa laga
til planen som det finn for godt. Elvi som
no renn gjenom planen skal laget hava rett
aa leida paa vinstre sida, som det maatte
finna hövelegaste. Vidare skal laget hava
rett aa taka stein og planeringsmatriel, det
det maatte hava bruk for, or Torvelidi og dalen.
3. Laget skal hava laugar rett i vatnet.
4. Betaling er kr 30.- tredive kroner dei tvo
fyrste aari, sidan kr 50- femti kroner kvart aar.
5 Johs Reoheim skal hava rett aa köyra
langsmed austre sida av planen, til denn
liten som ligg nordanfor. 6. Naar dei 22
aar er umme skal laget hava fyrste
retten aa kjöpa eller leiga paa nytt.

Her hev vore arbeidt 8 kveldar og ein heil
dag i vinter paa idrottsplassen. Svert faa er
det som hev delteke i dette arbeidet, og det hev

difor ikkje meins slik som det burde.
I skriv fraa den nye idrottsorganisation vart me uppmoda aa velja ein sendemann til idrottstinget som skulde haldast i Bjørgvin den 26 april kl 11 fm. Til utsending vart vald J.O. Borge. Mötet vart styrt av redaktör Sedmann Voss. Dei var ca 40 utsendingar fraa fylkjet tilstades. Eit og anna av mindre betydning vart diskutert, so gjekk dei til val av fylkesstyre. Desse vart valde: Norgren, Ederup, J. Hansen Liseth, J.O. Borge. Varamenn: Heim, Brugge, Haga Dolve, Vik. Möte slutta kl 6 etm.

# Aarsmelding 1919

Aarsmöte vart halde den 2/5 -19 i Lyshall. Formann las upp aarsmelding fraa forige aar. Der vart snakt lidt um den nye idrotsorganisation og so vart det valdt nytt styre. Desse vart valde: J.O. Borge form. Karl Presttun nestform. Josef Solberg kasserar. Med i styre vart:
. Paa idrotsplassen hev vore arbeidt dagsverk og leigearbeid for kr.
Der hev vore övingar som regel kvar sundag heile sumaren. Me sende innbjoding til Snögg, Kjellviksvaag og Hugin, Titje um tevling i idrot. Meiningi var aa faa ei tevling kvart ettersumar og at der vart tevla um ein pokal lagi imillom, og at stemnestaden skulde skifta slik at stemna vart eit aar hjaa kvart lag, og at kvart lag skulde möta med 10 mann. Me vart etter mykje baade skriftleg og munnleg forhandling samde um

og „Skarphedin" skulde arrangera fyrste aaret. Desse övingarne skulde tevlast i: 100 m, 110 m hekk, hestég, lengde og högdehopp, kula og spjotkast. Stemna vart bestemt til den 24-9 og skulde taka til kl 11. fm.
Fraa „Hugin" mötte berre fem mann og fraa „Snögg" ingen, der var ingen-besked fraa dei um forfall so det vart venta med aa byrja til kl 1. Vaapensmed Mikal Tveiteraas og Ivar Mykhum var domarar.
Tevlingi gjekk kvikt aa greidt fyre seg. Dagen vart lykta med sjokoladekalas som nokre gilde kvinnfolk spanderte paa dei gjæve skidsmenn. Tri vikor baketter vart der skipa til idrotsfest i „Sjøshall"
Festen tok til med litt musik av L. Hauge og nokre skrönestubbar av Vilhelm Hop. Banksjef John Longved held festtalen og den fekk me med kveldsborde den var riktig greid. Lykti med bordet vart ei hugnadstund, med god föda baade for kropp og aand.

Tri mann som hadde interessa for idrotts=arbeidet hadde gjeve kvar sin vandrepokal Dei som fekk mest poeng i 3 aar skulde faa dei til varig eiga. Resultati i poeng dette aaret var slik: Karl Presttun 2095.50 poeng Olai Smaaland 2869.55. Vilhelm Presttun 2847.35 —— Olav Sone 2456. Olav Smaaland 2337. Sjur Hartvit 2325.65 Ingvald Veveteit 2124.20 Jon J. Haukelid 2440.70 Nils Smaaland 1721.80 ÷ „Hugin" Simon Hop. 2514.65 Alfred Lone 2669.75. Sigvart Lelberg. 2319.30 Olav Hatland 1998.95 Jon Hagebö 2504.65. (Namni paa dei som gav pokalarne var Jo. J. Borge A. Tiège og kapt. S. Borge)
Sidan um kvelden paa festen vart det utlodning skrönor musik og leik. Dermed enda idrots=arbeidet for 1919